



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 15.03.2019
Vår ref.: 2019/2164-2
Saksbehandlar: helmoe_
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - Oppføring av betongmur og betongplattung, gbnr 231/6 Bjørsvik - Lindås kommune

Vi viser til dykkar brev av 20.02. 2019 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Saka gjeld søknad betongplate med sikringsmur for plassering av nytt O2-tankanlegg til settefiskanlegget. Muren er 2 meter høg, og plasserast 80 cm i frå ein verneverdig bygning på kaia i Bjørsvik. Installeringa av sjølve O2-anlegget er ikkje omfatta av byggesøknaden til kommunen, men plasseringa av betongplattingen har direkte verknad på kvar det framtidige O2-anlegget vert plassert.

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i «Reguleringsplan for del av gnr. 231, bnr. 6 og del av gnr. 229, bnr. 9 i Bjørsvik» (1263-200704), med endring vedtatt 13.06.18, er definert som Næringsbygningar. Det omsøkte tiltaket krev ikkje dispensasjon, men derimot ei kulturfaglig vurdering opp i mot eksisterande verna bygningar, jf.reguleringsplanens § 3.6:

«Dei eksisterande trebygningane som ligg i planområdet skal behaldast med noverande eksteriør. Med omsyn på vern av bygningane, skal alle planlagte tiltak som måtte føre til endringar i terrenget, planar, fasadar, bygningsform eller fargebruk og detaljering, sendast til Lindås kommune, som skal sende saka på høyring til Fylkeskonservatoren.»

Vurdering

Bjørsvik er ein av dei eldste og viktigaste industristadene i Nordhordland. Den omsøkte betongplata med sikringsmur er omsøkt plassert rett sør for og svært tett opptil den gamle hermetikkfabrikken. Så vidt vi kan sjå av plankartet, vil tiltaket i nokon grad ligge innafor grensa til omsynssone H570 bevaring av kulturmiljø. Med den omsøkte plasseringa vil betongplata og sikringsmuren vere svært synleg i innseglinga til Bjørsvik, og ut frå omsynet til opplevinga av kulturmiljøet rår vi til ei plassering lenger inn frå kaiområdet og lenger unna den gamle hermetikkbygningen. Ei alternativ plassering kan til dømes vere rett nord-aust for, eller rett aust for, driftsbygningen til fiskeoppdrettet på gbnr. 229/6.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune rår i frå at det blir gitt løyve til betongplate med sikringsmur som vist på kartet i søknaden, og rår til at tiltakshavar og kommune finn ei anna plassering. Vi ber om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1491.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Helene Moe
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.